

RETNINGSLINER FOR PRAKSISSTUDIUM ved utdanningane Bachelor i sosialt arbeid – sosionom, og Bachelor i sosialt arbeid – barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda

Godkjende av dekan ASH 24.9.2025 med heimel i [§ 8-1 \(3\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).

§ 1. GENERELLE REGLAR

- 1.1 Retningslinene trer i kraft frå 1. oktober 2025 og erstattar tidlegare retningslinjer.
- 1.2 Retningslinene gjeld for praksisstudium slik desse er definerte i studieplanane for Bachelor i sosialt arbeid – sosionom og Bachelor i sosialt arbeid – barnevernspedagog ved Høgskulen i Volda.
- 1.3 Praksisstudium vert nytta om innhaldet og læringsutbytta som går fram av emneplanane for det enkelte praksisstudium.
- 1.4 Praksis vert nytta om dagane ein student er i autentisk yrkespraksis slik dette er definert i høvesvis [§ 11 i Forskrift om nasjonal retningslinje for sosionomutdanning](#) og [§ 17 i Forskrift om nasjonal retningslinje for barnevernspedagogutdanning](#).
- 1.5 Om ein student i praksis er til stades ved det praksisstaden definerer som ei alvorleg hending, skal praksisstaden orientere praksiskoordinator ved Institutt for sosialfag. Praksiskoordinator orienterer dei personane ved instituttet som følger opp hendinga overfor studenten.

§ 2. OM STUDENTEN SITT ANSVAR

- 2.1 Studenten har ansvar for å gjere seg kjend med studieplanen, emneplanar og Retningslinjer for praksisstudium, krav til politiattest jf. [§ 3-3](#) og [§ 8-1 \(2\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#), teieplikt i praksis [§ 8-3 i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#) og skikkavurdering i [§ 7-10 i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#) og anna informasjon som vert gitt om praksis.
- 2.2 Institutt for sosialfag har ansvar for tildeling av praksisplass, og avgjer kvar studenten skal gjennomføre sin praksis. Dersom ein student av medisinske eller velferdsgrunnar har behov for tilrettelegging ved praksisplassering og/eller praksisgjennomføring, gjeld [§ 6-1 \(1\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).
- 2.3 Sjølv om studenten jf. [§ 3-3](#) og [§ 8-1 \(2\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#) har levert gyldig politiattest til høgskulen, er dette ikkje til hinder for at studenten på førespurnad frå praksisstaden må levere ein eigen politiattest før vedkomande kan ta til i praksis hjå dei.
- 2.4 Studenten skal i samråd med praksisretteleiar utarbeide ei praksisavtale. Primære oppgåver og arbeidstid for praksis skal avtalast og gå fram av avtalen. For praksis i tredje studieår skal praksisavtalen også innehalde dei læremåla som studenten i samråd med praksisretteleiar har definert på grunnlag av læringsutbyttet i emnet.
- 2.5 Studenten skal følge vanlege normer og reglar for arbeidslivet. Dei skriftlege arbeidskrava som går fram i emneplanen for det enkelte praksisstudium skal normalt skrivast utanom avtalt arbeidstid ved praksisstaden.
- 2.6 Dersom ein student har fråvær frå praksis utover godkjend tal på dagar som definert i emneplanen, gjeld [§ 7-6 \(5\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).

§ 3. PRAKSISOPPFØLGING FØRSTE STUDIEÅR

- 3.1 Studenten skal ha ein kontaktperson ved praksisstaden. Kontaktperson bør ha relevant fagleg kompetanse, og helst minimum treårig relevant høgskuleutdanning. Vedkomande skal leggje til

rette for at studenten får tilgang til gode læresituasjonar, og følger opp studenten sin læringsprosess. Kontaktperson skriv innstilling til «stått»/«ikkje stått» praksis.

- 3.2 Studenten skal ha ein kontaktlærer ved høgskulen. Kontaktlærer er tilgjengeleg for student og praksisstad ved behov, og gjennomfører oppfølgingsseminar i gruppe midtvegs i praksis. Seminaret skal tematisere kva studentane har lært og kva dei må arbeide vidare med i sin praksis. Kontaktlærer skriv innstilling til «stått»/«ikkje stått» praksis.

§ 4. PRAKSISOPPFØLGING TREDJE STUDIEÅR

- 4.1 Studenten skal ha ein praksisrettleiar ved praksisstaden. Praksisrettleiar skal ha relevant fagleg kompetanse, og som hovudregel minimum treårig relevant høgskuleutdanning. Det er ønskeleg at rettleiar har rettleiarkompetanse, som vidareutdanning i praksisrettleiing, rettleiarkurs og/eller erfaring med praksisrettleiing. Student og praksisrettleiar skal ha rettleiingssamtale kvar veke. Praksisrettleiar og student skal saman organisere tid, stad og innhald for rettleiinga. Student og praksisrettleiar gjennomfører midtvegsevaluering ved praksisbesøket frå kontaktlærer i oktober. Praksisrettleiar skriv innstilling til «stått»/«ikkje stått» praksis.
- 4.2 Studenten skal ha ein kontaktlærer ved høgskulen. Kontaktlærer er tilgjengeleg for student og praksisstad ved behov, gjennomfører praksisbesøk ved midtvegsevalueringa i oktober, vurderer studenten sine arbeidskrav i gjeldande emne og skriv innstilling til «stått»/«ikkje stått» praksis.
- 4.3 Studenten skal ha jamleg rettleiing om korleis vedkomande oppfyller krava for å få bestått praksis. Det skal gjennomførast ei midtvegsvurdering om lag halvvegs i praksisen og ei avsluttande skriftleg vurdering der studenten blir vurdert med omsyn til måla for praksisperioden. Studenten skal ha kopi av vurderingane. Krav om deltaking skal gå fram av studie- og emneplanen. jf. [§ 8-2 i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).

§ 5. VURDERING

- 5.1 Praksis vert vurdert i form av ein sensur som fører til karakteren «stått» eller «ikkje stått». Det er som hovudregel emneansvarlege som er sensorar.
- 5.2 Sensorane baserer si vurdering på skriftleg innstilling frå praksisrettleiar, kontaktlærer, og student. Innhaldet i innstillinga går fram av vurderingskriteria som Institutt for sosialfag har gjort tilgjengelege for praksisrettleiarar, kontaktlærarar og studentar ved oppstart av praksis.
- 5.3 Dersom praksisrettleiar eller kontaktlærer undervegs får tvil om praksis vil bli vurdert som «stått», skal studenten få eit skriftleg varsel så tidleg som mogleg i praksisperioden jf. [§ 8-4 \(1-4\) i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#). Partane skal vurdere om det skal gjennomførast eit møte. Dersom det ligg føre eit framlegg om innstilling «ikkje stått» skal det alltid gjennomførast møte. Emneansvarleg har ansvar for at det vert kalla inn til eit møte med student, praksisrettleiar, kontaktlærer og eventuelle andre som kan ha viktig kunnskap om situasjonen. Innkallinga skal vere skriftleg og vere studenten i hende i rimeleg tid før møtet. Føremålet med møtet skal vere å klare opp eventuelle mistydingar og å kartlegge alle viktige fakta og synspunkt i saka, derunder kva studenten må gjere for å unngå at vedkomande skal få «ikkje stått» praksis.

Innkallinga skal gjere greie for kva saka gjeld, og skal elles innehalde det som reknast som påkravd for at studenten på forsvarleg måte kan ivareta si interesse. Emneansvarleg skal føre protokoll frå møtet. Eventuelle kommentarar til protokollen skal vere skriftlege, og sendast til emneansvarleg seinast ei veke etter at protokollen er gjort kjend for møtedeltakarane.

På grunnlag av opplysingane som kjem fram i møtet og som kommentarar til protokollen, gjer emneansvarleg vedtak om studenten kan halde fram med praksis eller får karakteren «ikkje stått». Vedtaket og grunngjevinga sendast studenten.

- 5.4 Innstilling om «stått» eller «ikkje stått» praksis gis i form av ei heilskapleg vurdering basert på:
- grad av oppnådd læringsutbytte for praksis
 - arbeidskrav i emnet
 - talet på dagar studenten har møtt fram i praksis

§ 6. VED «IKKJE STÅTT» PRAKSIS

- 6.1 Talet på forsøk ein student har for å få «stått» karakter i praksis, går fram av [§ 8-6 i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda](#).
- 6.2 Ved kontinuasjon følger høgskulen dei vanlege prosedyrane for praksisplassering. Dette vil seie at dersom ikkje anna vert avtalt særskilt, følger ny praksis høgskulen sine tider for praksisplassering.
- 6.3 Ny praksis bør gjennomførast ved ein annan praksisstad enn der studenten fekk «ikkje stått» praksis. Studenten får høve til å uttale seg dersom instituttet vurderer det som hensiktsmessig at studenten har same kontaktlærer i ny praksis.
- 6.4 Institutt for sosialfag skal vurdere å informere ny praksisstad dersom studenten tidlegare har fått karakteren «ikkje stått» praksis, og om bakgrunnen for tidlegare vurderingar. Føremålet er at studenten skal få ein reell sjanse til å arbeide med sine lærebehov i ny praksis.